

## Harald Holte og Norleif Bjørneset med nattsending på Bygderadio Vest

Denne fredagen er det Harald og Norleif som har ansvaret for nattsendinga på bygderadioen. Begge karane har ei god nase for lokale aktørar, enten dei spelar musikk eller har evner innan tekniske eller andre praktiske område. Bygderadioen har ei tid hatt eiga heimeside, og ein kan no sende helsingar som ein vil ha fram gjennom radioen på epost.

## Kristine til terreng-EM

Kristine Eikrem Engeset frå Ørsta er ein av åtte norske løparar som er tatt ut til Europameisterskapen i terrengløp. Løpet går i Toto i Spania 9. desember, og Kristine er den einaste løparen frå Møre og Romsdal som er tatt ut til EM, melder NRK. Ho vann nyleg gullmedalje under Nordisk meisterskap i terrengløp for junior.

## Åmdal

### Ungdomslag feirar 100 år

Hundreårsjubileet vert feira på ekte åmdalsvis, med fest tre dagar til ende. Ungdomshuset er for tida under ei omfattande oppussing for å verte klart til jubileet i helga. Frå fredag til søndag vil det vere tett program med nostalgiske tilbakeblikk på dei siste 100 åra i bygda. Høgdepunktet vert dans med Vassendgutane laurdagskvelden. Dette bandet har sitt utspring frå bygda, og har henta namnet sitt her. No skal dei spele på heimebane for fyrste gong på sju år, skriv Møre-Nytt.

**Møre** Skal du ha annonser i Møre? Ring 70 07 44 22

# Solevåg-Festøy må styrkast!

**Auken i attstående bilar på ferjestrekninga Solevåg-Festøy er dramatisk. Nærings sjef Martin Foldal i Ørsta tek ikkje berre til orde for at det må setjast inn større kapasitet i sambandet. Han krev det.**

Foldal viser til at Solevåg-Festøy er sambandet med mest storbiltrafikk etter Molde-Vestnes, og at det vil vere heilt uhaldbart for næringslivet om ikkje kapasiteten vert betra.

For heile fjoråret var talet på attstående bilar i prosent av trafikken heile 1,8 prosent. Omrekna til personbileiningar vart talet 3,1 prosent.

Tilsvarende tal hittil i år viser at det er kome opp i 2,8 prosent. Omrekna til personbileiningar er attstående bilar kome opp i 5,5 prosent av trafikken i sambandet. Det er langt over det fylkestinget tidlegare har sett som grense for

kva som kan akseptast.

Nærings sjefen i Ørsta håper at den nye leiaren i samferdselsutvalet, sunnmøringen Frank Sve, kan få gjort noko meir konstruktivt for å få betra forholda enn det som er gjort til no.

På møtet i samferdselsutvalet i går skulle situasjonen i sambandet drøftast, og det i forhold til at ferjestrekninga skal lysast ut på anbod.

I saksutgreiinga vert det vist til at i Møre og Romsdal har vi i dag 23 riksvegferjesamband. Med unntak 2 - 3 samband som blir avløyste av faste samband, skal alle desse i utgangspunktet konkurransutsetjast innan 2009. Konkurransutsetjinga er eit ledd i stortings vedtak om effektivisering av riksvegferjedrifta.

Anbodspakken "Ferjedrift Midtre Sunnmøre" vil bli lyst ut i løpet av november/desember 2007 og omfattar rute 11: Festøya - Solavågen (E39) og rute 13: Ørsneset - Magerholm (Rv 60) - Vi meiner at ved å slå saman

desse sambanda i ein pakke vil vi få ein effektiviseringsgevinst for operatøren og dermed ein betre kontraktspris for Statens vegvesen. Sambanda ligg nær kvarandre slik at felles reservemateriell kan nyttast, i tillegg til at oljeinnkjøp og bruken av personell kan bli meir effektiv, vert det sagt i saksutgreiinga.

Pakken "Midtre Sunnmøre" får ein kontraktsperiode på åtte år, og skal lysast ut med kontraktsoppstart 01.01.2011.

For strekninga Festøya - Solavågen heiter det at fylket sin standard legg opp noko lengre periode med faste avgangar enn kva dei vil krevje. I dagens rutetilbod er det 20 minutters avgangar på strekninga i rushtrafikken om morgonen og ettermiddagen. Statens vegvesen vil prioritere å halde fast ved 20 minutters avgangar i rushtrafikken og oppretthalde frekvensen framfor å utvide med faste avgangar. Dersom det i kontraktsperioden skulle vert naudsynt å auke kapasiteten



\* Martin Foldal.

ytterlegare, vil det vere mogleg gjennom å krevje fleire 20 minutters avgangar.

Men det står også i sakspapira at Statens vegvesen har registrert den sterke veksten i trafikken på dette sambandet så langt i 2007. Ved vurderinga av krav til ferjemateriell har vi tatt omsyn til denne veksten og vidare forventade vekst i sambandet i åra framover. Statens vegvesen vil derfor krevje materiell som vil gje ein moneleg auke i kapasiteten

# - Viktig satsing på skog

- Satsinga på skog er viktig, og all muleg honnør til den dyktige skogslagiaren vår, Ragnar Aarflot, og hans innsats for å fremje skogsaka, seier tidlegare skogbruksleiar i Volda, Tor Lillemark.

- For oss som har styrt med skog all vår tid, er det kjekt å sjå at det vert skrive positivt om skogbruk. Det var gledeleg å sjå Møre sist tysdag med bilde av fint grantømmer på Vikeneskaia for utskiping. Det er å håpe at det også i framtida vert samla utskiping av tømmer frå denne kaia. Dette er viktig av fleire grunnar. For skogeigarane er det avgjerande å få omsett salstømmeret på ein enkel måte. Eg synes også det er bra at folk lokalt får sjå at det var nytte i at stat og kommune i si tid hjelte fram skogreisninga gjennom årvisse løyvingar, meiner Lillemark.

- Eg håper at Aarflot si orientering i Møre blir grundig lest.

- Det er no framover vi får sjå kva positive utslag den storstilte skogreisninga gir for skogeigarane



\* Tor Lillemark.

og for samfunnet. Mellom anna vil nesten alle gardsbruk i Volda, - store og små, kunne huse opp eller restaurere bygningane sin med tømmer frå eigen skog. Vidare vert det skapt store inntekter på sal av tømmer, lokalt og til

storsagbruk. Og ikkje minst så har vi CO2-bindinga, som serleg i barskogen er betydeleg. Dette er noko som vert vektlagt i alle relevante fagkrinsar. Eg trur det er viktig å minne om oppmodinga frå landbruksminister Riis Johan-

sen til skogeigarane om å hogge ut meir skog, -plante meir og auke innsatsen i skogbruk med minst 50 prosent, poengterer Lillemark.

INGE KLØVNING

# Volding bokdebuterar

I desse dagar kjem boka **fordervelsens lakeier** ut på det nyskipa forlaget **Krakiel**. Bak boka står forfartarkollegiet; **Torbjørn Tufte, Petter Kjørstad og Håvard Tvinnereim**.

Sistnemnde har vokse opp i Volda, og debuterar med denne boka. Forfattarane skriv under alter

egoet Bobby Peruz, eit namn inspirert av ein av hovudpersonane i filmen *Wild at Heart* av David Lynch.

Bokprosjektet er eit kunstnarisk stunt, og starta opphavleg med ein frustrasjon over nivået på litteraturen ein til dageleg kjenner som kiosklitteraturen. Forfattarane hadde ein ambisjon om å skrive ein folkeleg roman med brei appell, som samstundes

kunne gje lesaren ei intellektuell utfordring.

Romanen tek lesaren med til den vetle landsbyen Chevallier i Frankrike. Tida er andre verdskrig, og krigens herjingar pregar landsbyen og menneska på godt og vondt. Det er ei bok med sterke personskildringar og høgt tempo. Boka er skriven med ulike pennar, men er sydd saman til eit heilskapleg verk med interessante og

uventa overgangar.

Bokprosjektet representerar eit nybrottsarbeid innan norsk litteratur, og det er varsla ei storslagen lansering frå forlaget når boka kjem ut for sal tredje desember. Det er lagt ut meir informasjon på nettsida til forlaget: [www.krakiel-forlag.no](http://www.krakiel-forlag.no).

Lars Vasbotten

